HAREID KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Kontrollutvalet i Hareid kommune** |
| **Møtestad:** | **Hareid rådhus – Formannskapsromet.** |
| **Dato:** | **28.02.2020** |
| **Møte tok til** | **Kl. 08:30** |
| **Møte slutta** | **Kl. 12:00** |

Medlemane har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Vest kontroll – Sekretariat for kontrollutval.

**Faste medlemar som møtte:**

| Namn | Funksjon |
|---|---|
| Audun Ulstein | Leiar |
| Øyvind Grimstad | Nestleiar |
| Kjerti Røyset Topphol | Medlem |
| Greta Kirkebø | Medlem |

**Faste medlemar som ikkje møtte:**

| Namn | Funksjon |
|---|---|
| Inga Ishild Hareide | Medlem |

**Varamedlemar som møtte:**

| Namn | Møtte for |
|---|---|
| Gunnar Riise | Inga Ishild Hareide |

**Vest kontroll - sekretariat:**

| Namn | Funksjon |
|---|---|
| Jostein Støylen | Dagleg leiar |

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:**

| Namn | Funksjon |
|---|---|
| Bodill Skeide | Dagleg leiar/revisjonssjef |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Paul-Arne Ulstein | Prosjektleiar kommunal eigedom |
| Pergunn Rødseth Gjerdsbakk | Einingsleiar sektor samfunnsutvikling |
| Ståle Ivar Hovden | Hamsto. Konsulenter bygg- og anleggsteknikk |

**SAKLISTE**


| | |
|---|---|
| SAK 01/20 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL |
| SAK 02/20 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE |
| SAK 03/20 | MELDINGAR |
| SAK 04/20 | GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019 |
| SAK 05/20 | GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020 |
| SAK 06/20 | MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020 |
| SAK 07/20 | FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - INNKJØP KOMMUNALTEKNIKK OG VAR - OPPFØGING |
| SAK 08/20 | REVISJONSPLANLEGGING 2019 - FINANSIELL REVISJON |
| SAK 09/20 | KONTROLLRAPPORT - ÅRSRAPPORT 2019 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN |
| SAK 10/20 | ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019 |
| SAK 11/20 | HELSEHUSET – UTBYGGING - PROSESS |

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **01/20** | 033 | 18.02.2020 | 28.02.2020 | KS |

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

**Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 11/20 vert å ta etter sak 3.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Greta Kirkebø.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **02/20** | 049 | 18.02.2020 | 28.02.2020 | KS |

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 26.11.2019.

**Vedlegg**
Møteprotokollen frå møtet 26.11.2019.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **03/20** | 033&17 | 18.02.2020 | 28.02.2020 | KS |

## MELDINGAR

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

**I møtet**
Revisjonssjef Bodill Skeide orienterte vedkomande tilbakemeldinga frå SSR – Selskapskontrollen.
Oppfølginga frå kontrollutvalet vert når rekneskapen for SSR ligg føre.

**Vedlegg**

1. Dokument, datert 20.12.2020. Selskapskontroll – Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR).

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **04/20** | 033&58 | 18.02.2020 | 28.02.2020 | KS |

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

**Saksopplysning**
For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside - https://innsyn.ssikt.no/hareid/Dmb/

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

| | |
|---|---|
| Administrasjonsutvalet: | |
| Eldrerådet: | |
| Forhandlingsutvalet: | |
| Formannskapet: | **23.10 11.11 25.11 12.12** |
| Kommunal byggenemnd: | |
| Kommunal namnenemnd: | |
| Kommunestyret: | **24.10 14.11 12.12** |
| Kontrollutvalet: | |
| Levekårsutvalet: | **06.11 19.11 11.12** |
| Nærings- og miljøutvalet: | **05.11 19.11 11.12** |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne: | |
| Valstyret: | |
| Valutval: | |

| | |
|---|---|
| SSR Representantskap | Vert sendt til leiar i kontrollutvalet |
| SSR Styret | Vert sendt til leiar i kontrollutvalet |

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **05/20** | 033&58 | 18.02.2020 | 28.02.2020 | KS |

**GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

**Saksopplysning**
For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside - https://innsyn.ssikt.no/hareid/Dmb/

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

| | |
|---|---|
| Administrasjonsutvalet: | |
| Eldrerådet: | **28.01** |
| Forhandlingsutvalet: | |
| Formannskapet: | **27.01** |
| Kommunal byggenemnd: | |
| Kommunal namnenemnd: | |
| Kommunestyret: | **06.02** |
| Kontrollutvalet: | |

| | |
|---|---|
| Levekårs utvalet: | **22.01** |
| Nærings- og miljøutvalet: | **21.01** |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne: | **28.01** |
| Valstyret: | |
| Valutval: | |

| | |
|---|---|
| SSR Representantskap | Vert sendt til leiar i kontrollutvalet |
| SSR Styret | Vert sendt til leiar i kontrollutvalet |

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **06/20** | 033 | 18.02.2020 | 28.02.2020 | KS |

**MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet fastset slik møteplanen: 24. april, 27. mai, 2. september, 14. oktober og 25. november.

**Vedlegg**
Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

**Saksopplysningar**
I 2020 er det i tillegg til 28. februar sett opp møte 24. april, 27. mai, 2. september, 14. oktober og 25. november.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **07/20** | 217 | 21.02.2019 | 28.02.2020 | KS/JS |

**FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØP KOMMUNALTEKNIKK OG VAR – OPPFØLGING**

**Samrøystes vedtak**
1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp kommunalteknikk og VAR til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen kome på neste møte for å grunngi kvifor dei ikkje vil følgje opp kommunestyrevedtaket.
3. Kontrollutvalet ber om ny tilbakemelding på status på gjennomføring av anbefalingane innan 31.08.2020.

**Vedlegg**
1. Tilbakemelding frå rådmannen.
2. Utskrift frå møteprotokoll. Forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp kommunalteknikk og VAR
3. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, innkjøp kommunalteknikk og VAR, Hareid kommune*, datert 23.08.2019. Motteke 09.10.2019.

**Saksopplysning**
Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde i sak 07/19 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på innkjøpsområdet spissa mot kommunalteknikk og VAR.

Prosjektet har som formål å stadfeste om Hareid kommune følgjer lov om offentlege innkjøp med tilhøyrande forskrift og retningsliner innanfor innkjøpsområdet i 2018.

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde i sak 35/19 dette vedtaket:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp Kommunal teknikk og VAR, Hareid kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 23.08.2019).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
    1. Kommunen må følgje sine eigne rutinar og utarbeide skjekkliste for anskaffingar ved oppstart av alle innkjøp over 100 000 kr.
    2. Kommunen må ved alle innkjøp over 100 000 kr utarbeide konkurransegrunnlag og spesifikasjonskrav.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **15.01.2020.**

**Tilbakemelding frå rådmannen**:
Rutinar vedrørande sjekklister vert følgt for klassisk sektor i alle nye konkurransar.
Det vert utarbeida konkurransegrunnlag for alle konkurransar.

**Tilbakemelding frå revisor:**
Registrerar at kommunen berre vil nytte si eiga sjekkliste på dei innkjøp som fell under klassisk sektor og ikkje innkjøp som fell under forsyningsføreskrifta.
Vi har i rapporten kommentert under kap. 10 (revisjonen sin kommentar) at våre anbefalingar er at kommunen bør få på plass tilleggsrutinar som også omfattar innkjøp etter forsyningsføreskrifta.

| **Saksnr.:** | **Arkivnr.:** | **Dato:** | **Møtedato:** | **Saksbehandlar:** |
|---|---|---|---|---|
| **08/20** | 216 | 18.02.2020 | 28.02.2020 | KS/JS |

**REVISJONSPLANLEGGING 2019 – FINANSIELL REVISJON**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2019 – finansiell revisjon, for Hareid kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

**I møtet**
Vedlegget vart ikkje delt ut, men revisor gjorde ei orientering, men ikkje kom ikkje inn på tilhøve som gjorde at det var nødvendig å lukke møtet.
Ein kjem tilbake til utført når revisjonen sitt arbeid 2019 og rekneskapen for 2019 kjem til behandling.
Orientering ikkje var ikkje på tilhøve som gjorde det nødvendig å lukke dørene.

**Vedlegg**
Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)** Vert utdelt på møtet.

**Saksopplysningar**
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef Bodill Skeide, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2019. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.
Planleggingsdokumentet inneheld følgjande:

- Oppdragsvurdering
- Selskapsinformasjon
- Vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Generell risikovurdering og spesifikk risikovurdering på revisjonsområda
    - Transaksjonsklasser
    - Kontosaldoar
    - Tilleggsområder
    - Angrepsvinkel

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet vert då lukka.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **09/20** | 232 | 19.02.2020 | 28.02.2020 | JS |

**KONTROLLRAPPORT - ÅRSRAPPORT 2019 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN**

**Samrøystes uttale**
Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll for det som gjeld Hareid kommune for 2019.

**Vedlegg**
- Kontrollrapport 2019 frå Skatteetaten av 17.02.2020
- Årsrapport for 2019 frå Skatteoppkrevjaren av 15.01.2020
- Skatterekneskapet for 2019 av 15.01.2020.
- Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019 av 17.01.2020

**Saksopplysningar**
Viser til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapport frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:
- Intern kontroll utover gjevne pålegg frå Skatteetaten
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av årsrekneskapen

- Utføring av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane utover gjevne pålegg frå Skatteetaten om å sikre at innkrevjing vert sett i verk utan unødig opphald.
- Kvaliteten på arbeidsgivarkontrollar
- Arbeidsgivarkontrollar. Resultatet for arbeidsgjevarkontrollen var 4,9% (2,4% i 2018, 1,2% i 2017 og 3,8% i 2016) mot eit krav på 5%. Det må vere godt nok.

Andre tilhøve:
Skatt fordelt til kommunen viser kr 130.558.018 i 2019. I 2018 var beløpet kr 124.236.271. Det vil seie ein auke på kr 6.321.747 eller 5,09%.

Avslutning:
Dette er siste året kommunestyret mottar kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Dette fordi Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

| **Saksnr.:** | **Arkivnr.:** | **Dato:** | **Møtedato:** | **Saksbehandlar:** |
|---|---|---|---|---|
| **10/20** | 033 | 20.02.2020 | 28.02.2020 | KS/JS |

**ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019**

**Samrøystes innstilling**
Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2019 til vitende.

**Vedlegg**
Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest Kontroll.

**Saksopplysning**
Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2019.

| **Saksnr.:** | **Arkivnr.:** | **Dato:** | **Møtedato:** | **Saksbehandlar:** |
|---|---|---|---|---|
| **11/20** | 047 | 23.03.2020 | 28.02.2020 | JS |

**HELSEHUSET - UTBYGGING – PROSESS**

**Samrøystes vedtak**
1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå dei frammøtte frå kommunen til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om status på framdrifta i neste møte, den 24.04.2020.

**I møtet**
Desse møtte frå kommunen på vegne av rådmannen
Pergunn Rødseth Gjerdsbakk, Einingsleiar sektor samfunnsutvikling
Paul-Arne Ulstein, Prosjektleiar kommunal eigedom
Ståle Ivar Hovden, Firmaet HAMSTO, Konsulentar bygg- og anleggsteknikk

Dei frammøtte frå kommunen viste PowerPoint som vil bli sendt medlemane. Denne danna grunnlaget for gjennomgangen.

Det begynte med at kommunen skulle leige, deretter vart det slik at bygget skulle vere kommunalt. Det vart stilt spørsmål om ein bygg på tolking i høve kommunestyrevedtak og ikkje på reelt vedtak? Dei meiner, uansett, at bygginga bygg på politisk forankring.
Det kom inn kun eit tilbod (samspelenterprise) på bygginga som var frå Rise Bygg.
Nøkkeltal prosjektbudsjett:

- Målsum byggeriet: 114 mill
- Byggetomt, naboavtale, trafo- og fiberomlegging, prosjektledelse m.m.: 17,6 mill
- Forpliktet kostnadsramme: 131,6 mill
- Øvre ramme for tillegg: 21,9 mill
- Vatn og avløp: 10 mill (sjølvkost)
- Ombygging av vegkryss: 10 mill

Totale kostnader: 173,5 mill

Viser ellers til PowerPoint som ligg ved møteprotokollen.

**Vedlegg**
Ei rekke dokument vedkomande bygging av Helsehuset som var sendt over frå kommunen vart delt ut til deltakarane.

**Saksopplysningar**
Tilbakemelding frå rådmannen:

> Kontrollutvalet ber i same møtet (26.11.19.) om at rådmannen i det første møtet i 2020 gjer greie for utbygginga og prosessen med helsehuset, der målsettinga er å sjå om dette er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak. Kontrollutvalet vil på kvart møte framover ha orientering om utbygging av helsehuset. Saka står ikkje på saklista, men eg har lagt til grunn at kontrollutvalet likevel ynskjer å ha denne orienteringa sidan de har sagt at den skal vere på kvart møte. Eigedomsleiar og vår kontaktperson i HAMSTO vil møte og gi ein presentasjon basert på ei tidslinje med utgangspunkt i dei kommunale vedtaka. Bakgrunnsmateriale vert sendt over på måndag frå eigedomsleiar. Avtale med Jostein er at dei slepp til først i møtet – om lag kl 0845

Eg har gitt melding til rådmannen om at eigedomsleiar og kommunen sin kontaktperson skal møte, då kl. 08.45.

**Møtet slutt.**

| | |
|---|---|
| Audun Ulstein<br>Leiar | Greta Kirkebø<br>Medlem |

Møteprotokoll går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte
Ordførar og rådmann til orientering
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til orientering



1

# Hareid helsehus

Møte 28.2.2020

Hareid kommune || HAMSTO

---

## Punkt for gjennomgang:

- Tilbakeblikk
- Organisering
- Samspelentreprise
- Utviklinga av prosjektet

Hareid kommune || HAMSTO

2

# Tilbakeblikk:

**22.8.2017**



**24.1.2020**











# Fram til november 2020:

## Innleiande målsettingar for prosjektet:

### Resultatmål

- Forme eit prosjekt som er tilpassa arealbehov og kommuneøkonomi
- God økonomisk styring og unngå budsjettoverskridingar
- Utvikling saman med privat utviklar / utbyggjar
- Normal standard på kvalitet, med vekt på funksjonelle løysingar og trivsel

### Effektmål

- Bidra til sentrumsutvikling (i tråd med «Miljøgateprosjektet» frå 2014). Gi synergieffektar



## Organisering:

### Forprosjektfase:

- Byggenemnda var prosjektgruppe
- Prosjektleiing frå Hamsto
- Administrasjonen i kommunen deltok

### Byggefase:

- Byggenemnda avvikla
- Rådmann rapporterer til Formannsskapet
- Kommunen ved eining "Kommunal eigedom FDV" utfører prosjektleiing
- Hamsto tek del som byggherreombod

## Organisering i byggefasa:







## Samspelentreprise:

- Val av gjennomføringsmodell vart teke basert på Kommunstyret sitt vedtak i februar 2017
- Samspelentreprise kan løysast på mange ulike måtar. I dette prosjektet har ein valt «partneringmodell» med målsumavtale
- Overordna målsetting er å få til tettare samhandling mellom aktørane (byggherre, prosjekterande og entreprenør), som skal gje gevinst i betre løysingar
- Etter kvart som prosjektet har utvikla seg, har det vore møter der ein har søkt innspel frå ulike hald
- Basis for samspelkontrakta er NS8407, tilbodne einingsprisar, avtalt målsum og faktisk produksjon

## Utviklinga av prosjektet:

| Tid/periode | Aktivitet | Vedlegg nr. |
|---|---|---|
| Februar 2017 | K-styrevedtak om organisering, m.m | 1 |
| Juli 2017 | Kontrakt Hamsto | 2 |
| Oktober 2017 | K-sak arealbehov og kostnadsramme | 3 |
| Juli 2017 | Kunngjøring byggetomt | 4 |
| September 2017 | K-sak om byggetomt | |
| November 2017 | kjøp av byggetomt | 23 |
| Desmber 2017 | budsjett / handlingsprogram 2018-2021 | 5 |



| | | |
|---|---|---|
| Januar 2018 | F-skapet: kontrahering og gjennomføringsmodell | 22 |
| Mars 2018 | kunngjering av samspelkonkurranse | 6 |
| | Tilbudsinnbydelse | 7 |
| Juli 2018 | kontrakt samspelentreprenør (både planlegging og byggearbeid)<br>Avtale Rise Bygg AS | 19 |
| August 2018 | oppstart forprosjekt del I (skissefase) | |
| | Notat skisseprosjekt versjon 1 | 18 |
| September 2018 | grunnundersøkingar | 8 |
| November 2018 | Førehandskonferanse etter PBL | 9 |
| | Notat om momskompensasjon | 21 |
| Januar 2019 | oppstart forprosjekt del II (teknisk spesifikasjon) | |
| Januar 2019 | oppstart omlegging av infrastruktur (flytte trafo, kablar og fiber)<br>Avtale med Mørenett | 10 |
| April 2019 | Coop kjøper Kveldro. Kommunen inngår naboavtale med Coop | 11 |
| Våren 2019 | Fjernvarme frå batteribygget til rådhuset og helsehuset | |

| | | |
|---|---|---|
| Mai 2019 | Forespørsler og bestilling av Uavhengig kontroll etter PBL | |
| Ultimo mai 2019 | Rammeløyve og igangsettingsløyve etter PBL | 12 |
| Primo juni 2019 | Oppstart grunnarbeid | |
| Juli 2019 | Målsumavtale del 1 | 13 |
| Oktober 2019 | Målsumavtale del 2 | 14 |
| Oktober 2019 | Samla prosjektbudsjett versjon 3 | 17 |
| November 2019 | Hamsto byggherreombod i byggefase | 15 |

Hareid kommune || HAMSTO 11

